



CD

Signe Bakke (piano)

«**Crystalline**»

Komposisjonar av Karen Tanaka

2L, 2011

Uttrykksfullt krystall

Pianisten Signe Bakke, ein kapasitet i musikkmiljøet i Bergen, presenterer her den japanske komponisten Karen Tanaka. Komponisten har ho hatt kontakt med sidan 2003, og når Bakke her har spelt inn ei rekkje av klaververka hennar, får ein òg presentert eit verk som Bakke har tinga direkte. Det gjeld dei tre vassdansane frå 2008: Eit knippe stykke som er varme og minimalistiske, bygde på enkle, repeterte motiv, ein jamn straum av tonar som virvlar seg fram – som små, avslutta tonemaleri.

Komposisjonen føyer seg inn i rekkja av verk som har naturen som tema. Forutan vatnet er lyset ein gjengongar, og i eit knippe barnesongar (under tittelen «Children of Light») møter ein jamvel ei rekkje dyr, som ein blå kval, ein afrikansk elefant og ei raud papegøye.

At det likevel er verket «Crystalline» som har gjeve plata namn, signaliserer eit overordna særdrag i musikken. Noko klårt og gjennomtrengelig pregar dette uttrykket. Ikkje berre i dei nær iskalde anslaga i tittelverket, men òg i skildringane av vatnet, lyset, blomane og barnesongane. Eller for den del i tre teknoetydar frå 1999. Vel er etydane mørkare og hardare i uttrykket enn elles, men mønsteret er uansett tydeleg – og med den tilsynelatande uendelege rekkja av moglege refleksar kring seg.

Også tolkingane er krystallklåre. Bakke sansar i spelet sitt, og hentar fram dei mange, presise stemningane. Ho raffinerer det barnlege, og framfører det virtuose slik at klangen vert det viktige og ikkje tonane kvar for seg. Og alt er handtert med varsemd. I ei slik samanheng hender det at uttrykket vert i overkant dvelande, kan henda kan ein kalla det retningslaust. Men i hovudsak opplevast det som både komponist og utøvar har ein sterk affinitet for det kanglege, så produktet vert særleg uttrykksfullt.

**IDA
HABBESTAD**

